

Kom og hør doktor Nygård om hjartesjukdomar.

07.05.2018



Doktor Anne Brit Nygård (52 år) har vore fastlege på Husnes sidan 1995.

Anne Brit Nygård, fastlege på Husnes, kjem på møte i Uskedal Helselag i morgen, tysdag 8. mai kl. 19 i Helgheimskjellaren. Tema er Kvinnehjarta, men emne er like aktuelt for menn. Innhaldet i føredraget hennar vil omhandla ulike symptom på hjartelidinger. Møte er difor aktuelt for alle uansett kjønn.

Lagsmøte i Uskedal helselag denne gongen er siste dagen i den nasjonale hjarteveka. Målet er å synleggjera eit variert folkehelsearbeid i lokallaga landet rundt. Til vanleg har helselaget sine møte 1. tysdagen i månaden, men ettersom det kolliderte med 1. mai og opninga av Gull av Grus, vert møte tysdag 8. mai, men då i Helgheimskjellaren.

Uskedal Helselag er eit aktivt lokallag i Nasjonalforeningen for folkehelsen . Helselaget er ein frivillig organisasjon for å bekjempe hjarte- og karsjukdomar og demens. Tema på møte i morgen burde vera interessant for mange. Det er allment kjend at symptoma på hjarteproblema varierer frå om du er kvinne eller mann. Kvinnner har ofte meir uklare symptom og det krevst ei meir nøyaktig utgreiing for å få dei rette svara.

Kom på møte i morgen, tysdag 8. mai kl. 19. Det vert høve til å stilla spørsmål.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Med løyve frå Anne Brit Nygård